



NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 19.11.2014
Vår ref.: 2014/22312-6
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Søknad frå Dåfjorden Klekkeri AS om løyve til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna i Stord kommune. Administrativ fråsegn.

Samandrag

Dåfjorden Klekkeri AS søker om løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna til produksjon av yngel og smolt. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 1 m³/min (17 l/s). Det vert og søkt om å regulera Øvre Petarteigsvatnet mellom kote 41 og kote 42, og Nedre Petarteigsvatnet mellom kote 39 og kote 40. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttak, er etablert. Det er planlagt å sleppa ei minstevassføring på 35 l/s.

Dei fysiske tiltaka i vassdraget er alt gjort. Konsekvensane for allmenne interesser er i høve landskap, biologisk mangfald, kjende kulturminne og friluftsliv ubetydelege. For fisk og til dels landskap og friluftsliv vil planlagt minstevassføring ha positive konsekvensar, og tiltaket gjev sysselsetjing.

Tilråding

1. Hordaland fylkeskommune tilrår søknaden frå Dåfjorden Klekkeri AS om løyve til regulering og uttakk av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna.
2. Hordaland fylkeskommune ber NVE vurdere om det er mogleg å leggja røyra frå inntaksdammen betre i landskapet.
3. Tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd og straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med vedtaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.
4. Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

1. Innleiing

Dåfjorden Klekkeri AS søker om løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna til produksjon av yngel og smolt. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 1 m³/min (17 l/s). Det vert og søkt om å regulera Øvre Petarteigsvatnet mellom kote 41 (LRV) og kote 42 (HRV), og Nedre Petarteigsvatnet mellom kote 39 (LRV) og kote 40 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttak, er etablert. Det er planlagt å sleppa ei minstevassføring på 35 l/s.

Dåfjorden Klekkeri AS vart opphavleg etablert med konsesjon i 1983. Noverande eigar overtok i 2007.

På grunn av moglegheit for oppvandring av anadrom fisk og tilhøyrande smittefare blei anlegget i 1989 flytta på land frå Petterteigpøyla. Frå 1990 har produksjonen vore i kaianlegget på land med 135 m² karvolum samla. Anlegget vart då utstyrt med eige klekkeri, der ein berre produserte fisk fram til startföra yngel på 1-5 grams storleik. Dåfjorden Klekkeri AS produserer i dag 170 000 sjødyktig fisk.

Fylkesmannen i Hordaland var på inspeksjon ved anlegget 16.06.2013. Det blei påvist avvik under besøket. Hovudproblemet er at dagens drift ikkje er i samsvar med gjeldande krav til moderne settefiskanlegg. Dette gjeld både gjeldande utsleppsløyve frå 27.06.1991 og opphavleg konsesjon frå 1983, som berre delvis var landbasert. Fylkesmannen konkluderer med at Dåfjorden Klekkeri AS må senda søknad til Hordaland fylkeskommune og få orden på formalitetane også i høve til dei ulike sektormyndigheitene.

Konsesjonsmyndigheit Hordaland fylkeskommune har stadfest at dette medfører ein full søknadsprosess med søknad om formalisering av gjeldande praksis ved anlegget hos alle sektormyndigheiter; NVE, Mattilsynet og Fylkesmannen.

Offentleg høyringsfrist hos NVE er 28.11.14, men Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist til 05.12.14.

2. Søknaden

2.1. Områdeomtale

Dåfjorden klekkeri ligg vest i Stord kommune, nær utløpet av Dåfjorden, som markerer grensa mellom Bømlo og Stord kommunar.



Figur 1 Kart over Sunnhordland med Dåfjorden Klekkeri AS på vestsida av Stord


2.1. Prosjektskildring

Dåfjorden Klekkeri AS er etablert, og det vert ikkje søkt om utviding i høve til gjeldande etablert praksis. Alle kar for klekking og produksjon av yngel og smolt er etablerte. Vassdragsinstallasjonane er allereie gjennomførte, med inntaksarrangement i innsjøen, inntaks- og reguleringsdam og inntaksleidning.

Det vert søkt om eit gjennomsnittleg månadleg uttak av vatn på $0,017 \text{ m}^3/\text{s}$. Fiskeanlegget si største slukeevne er $0,05 \text{ m}^3/\text{s}$, basert på kapasiteten til leidninga.

Det er etablert moglegheit for å senka inntaksleidninga til kaldare vassdjup i Nedre Petarteigsvatnet, slik at ein kan redusera vassbehovet i periodar med avgrensa vasstilgang. Betre utnytting av karluftarar for å ta ut CO_2 og ekstra oksygenering i kara kan også nyttast i kortare periodar, og det er allereie etablert to store produksjonskar med resirkuleringsteknologi. Det er ingen naudvassskjelde tilgjengeleg.

Det er ikkje etablert oppvandringssperre for fisk i vassdraget sidan naturleg vandringshinder ligg nedanfor inntaket.



Figur 2 Kart over Dåfjorden Klekkeri AS med inntaksleidningar frå Nedre Petarteigsvatnet



Figur 3 Dåfjorden Klekkeri AS



Figur 4 Dei gamle og utetta steindammane i Øvre og Nedre Petarteigsvatna



Figur 5 Dei to kalkbrønnane frå 1984 nedanfor inntaket i Nedre Petarteigsvatnet blei opprinneleg nytta til kalking av vassdraget då anlegget hadde merdar nedst i Petarteigpøyla. Det renn i dag ca 20 l/s frå kvar av dei i vassdraget. Den nedre og lengste tilførselsleidninga kryssar under vegbrua, medan den øvre går vestover til høgre i biletet.

3. Verknad for natur og samfunn

3.1. Landskap

Søkte og eksisterande reguleringar og vassuttak er ikkje venta å ha verknad på opplevinga av landskapet. Vassdraget er ikkje hovudelement i landskapsrommet, og tiltaket er allereie etablert utan store verknader. Utløpselva vil i periodar med låg vassføring få noko mindre vassføring enn i dag, men sidan elva ikkje er eit markert landskapselement, vert tiltaket vurdert å ikkje ha særleg negativ verknad for landskap.

Det er ingen inngrepsfrie naturområde (INON) i det aktuelle tiltaks- og influensområdet.

Konsekvensanalysen gjev landskapet middels verdi. Tiltaket vert vurdert til å ikkje ha verknad for landskapet. Konsekvensen er dermed ubetydeleg.

3.2. Biologisk mangfald

Topografien og konsulentsynfaringa langs utløpselva frå Nedre Petarteigsvatnet tilseier at det ikkje finst fuktrevjande naturtypar som fossesprøytsone, bekkekløft eller nordvendt bergvegg her. Verdien for det terrestrisk biologiske mangfaldet vert, basert på kjent informasjon, vurdert som liten. Eksisterande regulering og vassuttak vil ikkje medføre endringar i det biologiske mangfaldet på land.

Konsekvensanalysen vurderer tiltaket å ikkje ha verknad for terrestrisk mangfald. Konsekvensen blir dermed ubetydeleg.

3.3. Fisk

Influensområdet har stor verdi med omsyn til raudlisteartar på grunn av førekomst av kritisk truga ål. Tiltaket vert vurdert å ikkje ha nokon verknad for ål sidan naturleg vandringshinder ligg nedstraums inntak, og førekomsten er i urørt restfelt.

Konsekvensanalysen vurderer dermed konsekvensane for raudlisteartar som ubetydelege.

Tiltaket er ikkje venta å ha nokon verknad på aurebestandane i Petarteigsvatna sidan tiltaket allereie er utført og nedtapping av innsjøen er av gamal dato. Årsaka til at fiskebestanden i Nedre Petarteigsvatnet er tynn, kan vera knytt til marginale gytetilhøve, medan tilhøva for gyting i innløpselvene til Øvre Petarteigsvatnet vert vurdert som betre. Slepp av minstevassføring til utløpselva vil betre oppveksttilhøva for aure og vilkår for sjøaure på strekninga ned mot samløp med Rutleelva, der det i dag er periodar med liten vassføring.

Konsekvensanalysen vurderer dermed konsekvensane for fisk som positive.

3.4. Kulturminne

Det er ingen freda kulturminne eller freda bygningar i området, men ei rekkje Sefrak-bygningar er registrerte i Petarteigen. Den gamle saga langs utløpselva er oppført som ruin.

Søknaden omfattar ingen ytterlegare inngrep i tiltaksområdet sidan anlegget er bygt på og har vore i drift ei årrekkje. Konsekvensanalysen vurderer derfor konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø som ubetydelege.

3.5. Samfunns- og brukarinteresser

Det er ikkje kjent at det føregår organiserte friluftslivaktivitetar i influensområdet, heller ikkje omfattande «nærmiljøaktivitetar» som leik og opphald i grøne område i nærmiljøet og «vassaktivitetar» som bading/soling, padleturar/roturar/segling anna enn på sjøen i Dåfjorden. Kalkingsplanen har heller ikkje registrert at det skjer noko særleg sportsfiske i dei to innsjøane (Johnsen m.fl. 1996). Ei nedtapping av innsjøane innanfor gjeldande grenser har skjedd i ei årrekkje og påverkar ikkje tilhøva for friluftsliv i området.

Konsekvensanalysen vurderer dermed konsekvensane for friluftsliv som ubetydelege.

Tiltaket har ein positiv samfunnsmessig betydning for området ved sysselsetting av omtrent eitt årsverk ved anlegget, med behov for ekstra deltidstilsette i periodar med stor innsats. Anlegget er etablert og har leveringsavtalar for både smolt og yngel til faste kundar.

4. Fylkeskommunen si vurdering

4.1. Landskap

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (Aurland Naturverkstad 2011) vert tiltaksområdet typefesta som våg- og smalsundlandskap av «vanlig forekommende» karakter.

Tiltaket får ikkje konsekvensar for INON-område, og i regionale planar er det ikkje registrert sårbare landskapstypar i området.

Sidan søknaden ikkje gjev nye fysiske tiltak, vert konfliktnivået vurdert som lågt. Området rundt inntaksdammen og dei to kalkbrønnane står fram som visuelt uryddig. NVE bør vurdere om det er mogleg å leggja røyra betre i landskapet.

4.2. Biologisk mangfald

Artsdatabanken har registrert område for storfugl av middels verdi aust for Petarteigsvatna og RV 54. I den samanhengen står riksvegen fram som langt meir konfliktfylt enn dei små fysiske inngrepa, som ikkje er nye, knytte til tiltaket. Det er elles ikkje registrert artar og landskapstypar av truga karakter.

Konfliktnivået vert vurdert som lågt.

4.3. Fisk

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk er tiltaksområdet ikkje markert på verdikart for fisk. Konsekvensanalysen vurderer konsekvensen for raudlista ål som ubetydeleg. Konsekvensen for aure og sjøaure vert vurdert som positiv. Årsaka er slepp av minstevassføring.

Hordaland fylkeskommune stør desse vurderingane og vurderer konfliktnivået som lågt.

4.4. Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innafor kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor tiltaksområdet som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Men det er kjent fleire Sefrak-registrerte bygningar i området.

Då omsøkt tiltak allereie er utført og i drift vil ikkje søknaden føre til ytterligare inngrep i tiltaksområdet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens sjøfartsmuseumt dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har

undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til tiltaket når det gjeld kulturminne.

4.5. Friluftsliv

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk er tiltaksområdet rekna som friluftsområde av «noko verdi» (kategori C).

Sidan søknaden ikkje gjev nye fysiske tiltak og bruken av området er liten, vert konfliktnivået vurdert som lågt. For landskapsopplevinga si del vert ei minstevassføring på 35 l/s vurdert som positivt.

5. Oppsummering og fylkeskommunen si tilråding

P.g.a. avvik i drifta hos Dåfjorden Klekkeri AS har Hordaland fylkeskommune etter krav frå Fylkesmannen i Hordaland stadfest full søknadsprosess med søknad om formalisering av gjeldande praksis ved anlegget. Som del av denne prosessen har NVE i samsvar med vassressurslova send søknaden på høyring.

Søknaden gjeld regulering og uttak av vatn frå Øvre og Nedre Petarteigsvatna i Stord kommune til produksjon av yngel og smolt. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttak er etablert. Det er planlagt ei minstevassføring på 35 l/s.

Dei fysiske tiltaka i vassdraget er alt gjort. Konsekvensane for allmenne interesser er i høve landskap, biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv ubetydelege. For fisk og til dels landskap og friluftsliv vil planlagt minstevassføring ha positive konsekvensar, og tiltaket gjev sysselsetjing. Hordaland fylkeskommune tilrår difor søknaden.

Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Når det gjeld avbøtande tiltak, ber Hordaland fylkeskommune NVE vurdera om det er mogleg å leggja røyra frå inntaksdammen og kalkbrønnane betre i landskapet.

Gudrun Mathisen
leiar

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

